



Friskis & Snettis Florø

Årsmøte 23.03.2011, klokka 1900-2015

Stad: Flora samfunnshus

Det var 14 medlemmar fram møtte, alle med stemmerett

Heidi gir oss ei "Kick-innleiing" i høve 5-årsjubileet til Friskis og Snettis Florø.

Her fekk vi ei påminning om kven vi er, kven vi er til for og kva som er så viktig med at vi er til stades i Flora-samfunnet.

Årsmøtesaker

Sak 1

Innkallinga vart godkjend slik den låg føre

Sak 2

Heidi vart vald til dirigent, Tone til referent. Rune Bortne og Rita Gamlestøl vart vald til å underteikne protokollen.

Sak 3

Heidi las opp årsmeldinga frå styret, og den vart også delt ut. Årsmeldinga vart godteke med nokre små korrigeringar som Bergljot og Heidi sørger for å gjere.

Sak 4

Mette la fram den reviderte rekneskapen for 2010. Vi har eit underskot, noko som først og fremst skuldast at vi har utdanna 3 nye instruktørar. Rekneskapen vart godkjent.

Sak 5

Budsjett 2011

Mette gjekk gjennom framlegg til budsjett. Årsmøtet går for framlegget, og ber om ein ny gjennomgang/rapport av budsjett og rekneskap etter ½ år.

Sak 6

Fastsetting av medlemskontingent

Vi held på same medlemskontingent som i 2010:

-800 kr for eit halvt års medlemsskap

-550 kr for klippekort med 12 klipp

-400 kr for studentar under 25 år

-50 kr for enkeltbillett

Sak 7

Handlingsprogram 2011

- Vi køyrer ein kampanje frå påske og ut til sommaren med svært billig samla pris for perioden
- Vi må selje unna kle m.m. som ligg på lager. Styret utformar ein salskampanje
- Vi satsar på nye kurs for instruktørane som gir variasjon i tilbodet vårt. To går på dans/Fuego i mai, til hausten blir det kurs i Stasjon, Flex og antakeleg LOF

- Vi arrangerer kurs for nye vertar til hausten. Her inviterer vi også frå andre kommunar
- Etter ein diskusjon bestemte vi å halde på herretreninga.
- Vi satsar på meir markedsføring før haustsesongen. Også herretreninga må vi markedsføre spesielt. Det er ikkje nok med mail og post, det beste er viss vi får til å møte opp i ulike bedrifter.
- Vi oppdaterer og trykker opp nye brosjyrer til utdeling til hausten

Sak 8

Val

Bente Fure leia valet. Valkomiteen sitt framlegg blei vedteke med akklamasjon

Referent

Tone Aasrud

Underskriving av protokollen:

Florø, 23.03.2011

Rune Bortne

Rita Gamlestøl

Friskis og svettis Florø – val 2011

Verv:	Namn:	Val 2010	Val 2011
Leiar	Heidi Nygård	Attval 1 år	Attval 1 år
Nestleiar	Rita Gamlestøl	Ikkje på val	Attval 2 år
Styremedlem/verteansv	Sigrun Larsen	Ikkje på val	Attval 2 år
Styremedl/treningsleiar	Bergljot Osland	Attval 2 år	Ikkje på val
Styremedlem/sekretær	Tone Aasrud	Attval 2 år	Ikkje på val
Styremedlem/kasserar	Mette Reksten Solheim	Nyval 2 år	Ikkje på val
Vara	Mariann Norstrand	Attval	Attval
Vara	Aud Bang-Olsen	Attval	Attval
Vara	Rune Bortne	Nyval 1 år	Attval
vara	Henning Christensen		Nyval
Revisor	Kari Larsen	Ikkje på val	Attval 2 år
Revisor - vara	Turid Weckhorst	Ikkje på val	Attval 2 år
Valkomité - leiar	Guri Langaas	Ikkje på val	Går ut
Valgkomite	Anita Solbakken	Ikkje på val	Vara valkomité
Valgkomite	Irene Hjorthol	Ikkje på val	Attval 2 år
Valkomité vara	Turid Weckhorst	Attval 1 år	Går ut
Valkomité	Bente Fure		Nyval 2 år

Florø 23.03.2011

Bente Fure
Leiar i valnemnda